



# KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET



Søk hos Kommunal- og re

Søk på hele regjeringen.no

Del/Tips Uts

Du er her: [regjeringen.no](#) / [Kommunal- og regionaldepart...](#) / [Pressecenter](#) / [Pressemeldinger](#) / Godt miljøinitiativ frå byggjenæringa

Pressemelding, 17.02.2010

## Godt miljøinitiativ frå byggjenæringa

- Det er særst gledeleg at byggjenæringa sjølv lanserer ei norsk ordning for miljøklassifisering av bygg. Skal vi nå ambisiøse miljømål, er det heilt avgjerande at næringa medverkar til å gjere norske bygg meir miljøvennlege, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Miljøklassifisering er ei friviljug ordning som næringa sjølv vil drifte. Det er ein metode for å måle kor miljøvennleg eit bygg er. Etter initiativ frå foreininga "Grønn Byggallianse", har over tretti bedrifter i næringa no blitt samde om å nytte det britiske miljøklassifiseringssystemet BREEAM som grunnlag for den norske ordninga.

Eit bygg som får eit "BREEAM-sertifikat" har ein høg miljøstandard. Klassifiseringsordninga vil bruke den nyleg vedtekne energimerkeordninga for å vurdere energieffektiviteten til eit bygg. Dessutan vil sertifikatet mellom anna godtgjere at det er brukt miljøvennlege materialar, at bygget har godt inneklima og lågt utslepp av miljøskadelege substansar.

- Eg vonar at initiativet får brei oppslutnad i næringa og at vi om nokre år har eit etablert system for miljøklassifisering av bygg i Noreg, seier Navarsete.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00

Departementets forsida

Aktuelt

Tema

Pressecenter

► Pressemeldinger

► Kalender

► Bildearkiv

Dokumenter

Om departementet

Lyd og bilde

Dokumentarkiv